

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2020	Kommunestyret	PS	27.10.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		20/483

**UTTALE TIL SØKNAD OM RIVING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND****Vedlegg:**

Kunngjøringsbrev - høyring av søknad om riving av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune, Vestland.PDF  
Orientering til høringspartene i inngrepssaker der NVE gir tillatelse - nynorsk.PDF  
MELDING OM VEDTAK - OVERTAKING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL  
TILBOD OM OVERTAKING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL  
HØYRINGSUTTALE - NEDLEGGING/FJERNING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til søknad om riving av dam Trollkjelen:

- Vaksdal kommune, ved kommunestyret, går imot at Småkraft AS får løyve til å fjerne dam Trollkjelen på Vaksdal. Kommunen er ikkje samd i konklusjonen frå Småkraft AS om at fjerning av dammen ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for kulturarv og landskap. Oppfatninga er derimot at skadane og ulempene knytt til desse forholda, vil vere vesentlege.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana. Ei riving vil endre vassdraget sin karakter, og kommunen meiner at ein vil miste noko verdfullt i høve til landskapsbilete og lokal identitet. Ei tilbakeføring til slik elva/fosseen var for 140 år sidan, vil truleg ikkje vera mogeleg eller ynskjeleg etter så lang tid.

Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med planane om å etablere eit opplevingscenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og den pedagogiske formidlinga knytt til industriell produksjon av matmjøl.

Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både kommuneplan og reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdelen er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføremål. Reguleringsplanen er "Vaksdal del vest", med planid 1982002, reguleringsføremål "friluftsområde i sjø og vassdrag". Det vert ikkje knytt særskilte merknadar i høve til planane.

Området/demningen ligg innanfor faresone for flaum. Kommunen meiner at risikoen for - og

konsekvensane av - flaum grunna riving, ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Vi ber difor om at det vert lagt fram ei vurdering om flaumvern av dagens bygningsmasse, som følgje av mogeleg riving.

Kommunestyret har ingen særskilte merknadar til konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv i området.

Vaksdal kommune meiner at sterke, årmenne interesser, ut frå at dammen er eit gammalt og kjent landemerke på Vaksdal, med lokal identitet, industrihistorie og verdfullt landskapsbilete, må vege tungt og føre til at dammen ikkje vert riven.

Vaksdal kommunestyre har i møtet av 22.09.20 fatta vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å ta over dam Trollkjelen på Vaksdal, jamfør tilbodet frå Småkraft AS.

### **Kommunestyret - Sak 77/2020**

#### **KOM - Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - Tiltråding/Vedtak:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til søknad om riving av dam Trollkjelen:

- Vaksdal kommune, ved kommunestyret, går imot at Småkraft AS får løyve til å fjerne dam Trollkjelen på Vaksdal. Kommunen er ikkje samd i konklusjonen frå Småkraft AS om at fjerning av dammen ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for kulturarv og landskap. Oppfatninga er derimot at skadane og ulempene knytt til desse forholda, vil vere vesentlege.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana. Ei riving vil endre vassdraget sin karakter, og kommunen meiner at ein vil miste noko verdfullt i høve til landskapsbilete og lokal identitet. Ei tilbakeføring til slik elva/fossen var for 140 år sidan, vil truleg ikkje vera mogeleg eller ynskjeleg etter så lang tid.

Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med planane om å etablere eit opplevelingscenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og den pedagogiske formidlinga knytt til industriell produksjon av matmjøl.

Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både kommuneplan og reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdelen er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføremål. Reguleringsplanen er "Vaksdal del vest", med planid 1982002, reguleringsføremål "friluftsområde i sjø og vassdrag". Det vert ikkje knytt særskilte merknadar i høve til planane.

Området/demningen ligg innanfor faresone for flaum. Kommunen meiner at risikoene for - og konsekvensane av - flaum grunna riving, ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Vi ber difor om at det vert lagt fram ei vurdering om flaumvern av dagens bygningsmasse, som følgje av mogeleg riving.

Kommunestyret har ingen særskilte merknadar til konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv i området.

Vaksdal kommune meiner at sterke, årmenne interesser, ut frå at dammen er eit gammalt og kjent

landemerke på Vaksdal, med lokal identitet, industrihistorie og verdfullt landskapsbilete, må vege tungt og føre til at dammen ikkje vert riven.

Vaksdal kommunestyre har i møtet av 22.09.20 fatta vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å ta over dam Trollkjelen på Vaksdal, jamfør tilbodet frå Småkraft AS.

## Saksopplysningar:

### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Kommunestyret i Vaksdal kommune går imot at dam Trollkjelen på Vaksdal vert riven ut frå omsyna til kultur-/industrihistorie, lokal identitet og landskapsbilete.

### Bakgrunn for saka

#### OFFENTLEG HØYRING OM RIVINGSSØKNADEN

Småkraft AS har i søknad av 08.09.2020 søkt NVE om løyve/konsesjon til å leggje ned og fjerne dam Trollkjelen i Vaksdal kommune, Hordaland etter vassressurslova §§ 7,8 og 41, i samsvar med utarbeidde planar.

NVE har i brev av 08.10.2020 lagt ut søknaden frå Småkraft AS på offentleg høyring, med 20.11.2020 som høyringsfrist. Høyringa vert kunngjort i Vaksdalsposten og Bergens Tidende.

I høyringsbrevet skriv NVE at søknaden om riving skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, med eventuelt løyve etter § 8, jf. § 1 i lova.

I orienteringa til høyringspartane ventar NVE at kommunen omtalar følgjande forhold i sin uttale:

- Tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.
- Informasjon om kjente ålmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for, t.d. landskap, friluftsliv, vassutak, vilt og fisk.
- Eventuelt andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Søknaden frå Småkraft AS er å finne følgjande link: <https://www.nve.no/konsesjonssaker> (skriv inn fylke og kommune). NVE ber om at uttalar vert sendt inn elektronisk via selskapet si nettside.

NVE kan arrangere synfaring i området etter at søker har kommentert innkomne fråsegnar. Alle som har gjeve fråsegn vil bli invitert til synfaringa.

#### INNHOLD I SØKNAD OM RIVING

I samandraget til søknaden skriv Småkraft AS at dam Trollkjelen i utgangspunktet var eit inntaks-magasin for energi til Vaksdal Mølle, og at dammen har vorte overflødig etter at kraftverket vart opprusta med dam Sædalen og røyrgate til kraftstasjonen. Det går vidare fram at dammen er i dårleg stand, og at Småkraft AS ikkje har behov for dammen. Selskapet vurderer at magasinet ikkje har verdi som «rekreasjonsdam». Samandraget peikar derimot på at dammen har lokal og nasjonal interesse som kulturminne. Ut over dette er det vurdert at nedlegging/fjerning av dammen vil ha mindre tyding for ålmenne interesser, friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlisteartar eller andre brukarinteresser.

Rådgivende Biologer har utarbeidd konsekvensutgreiing om fjerning av dam Trollkjelen i Vaksdalvassdraget, med følgjande vedlegg:

- Analyse av Trollkjelen dam som kulturminne, v/ Historikarverksemda AS.
- Hydrologisk vurdering (flaum og sediment), v/ Sweco.

#### TIDLEGARE HANDSAMING I KOMMUNEN

På kommunestyremøtet av 22.05.20 vart spørsmålet om søknads-/konsesjonsplikt knytt til nedlegging/fjerning av dam Trollkjelen handsama. I dette høve vedtok kommunestyret ein uttale om å gå imot riving. Uttalen vart sendt til NVE.

I brev av 26.05.20 fekk Vaksdal kommune tilbod frå Småkraft AS om å ta over dam Trollkjelen vederlagsfritt, inkludert kr. 1 500 000,- som eingongsstønad ved ei slik overtaking. I møtet av 22.09.20 fatta kommunestyret vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å overta dammen, jf. sak 57/2020.

#### **Formelt grunnlag**

- Vassressurslova, kapittel 3 (for NVE).
- Kommuneplanen for Vaksdal kommune;
  - Kommuneplanens samfunnssdel 2017 -2028.
- Kommuneplanens arealdel 2019-2031.

#### **Vurdering og konsekvensar**

Spørsmålet om nedlegging og riving av dam Trollkjelen har vore opp til administrativ og politisk handsaming i Vaksdal kommune, mellom anna gjennom høyringsuttale frå kommunestyret (dagsett 22.05.20). Uttalen går imot riving ut frå følgjande moment:

- Lokal kultur-/industrihistorie – med formidlingsverdi.
- Lokal identitet.
- Landskapsbilete.
- Mogeleg flaumfare.

Det vert vist til uttalen for nærmare utdjuping av innhald.

Uttalen vert lagt til grunn for kommunen sin høyringsuttale til søknaden om å rive dam Trollkjelen.

Konsekvensen av uttalen er at kommunestyret går imot riving av dammen.